

Cruise-turistar i dalen?

17.03.2012



Port of Rosendal, Hardangerfjord, Norway

EXCURSIONS

Uskedalen valley – visit farm & school museum

Er det mogeleg å lokka cruise-turistar som kjem til Rosendal på utflukt til Uskedalen? Det vil visa seg no, ettersom det er sendt eit tilbod til cruise-arrangørane frå turistinformasjonen. Det går ut på å arrangera ein enkel pakketur på 2,5 timer til vår dal

Det blir foreslått to stoppestader - Friheim Gardsmat med smaksprøver og skulemuseet med skule på gamlemåten. No ventar dei som har sendt forslaget spent på reaksjonen.